

ÅRSMELDING 2024

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF



Innleiing

Styret i Bordgleder har i 2024 hatt slik samansetnad:

Jacob Nødseth (styreleiar), Bjørn Løkkebø Halsnes, Torgunn Eikevik (nestleiar), Petter Refsnes, og Tore Skarstein (tilsette sin representant i styret).

Dagleg leiar er Halvor J. Halvorsen.

Bordgleder har fleire kundegrupper. Dei største kundane er kommunen sine institusjonar og heimebuande i Kinn kommune, og ferjeselskapa Norled AS og Boreal AS.

Omsetninga er delt 72,90% og 27,10% mellom høvesvis kommunale og eksterne kundar. Totale driftsinntekter i 2024 var kr 14.489.600.

Bordgleder er først og fremst til for å levere tenester til Kinn kommune. Når Bordgleder leverer til andre kundar så er det for å fylle opp kapasitet og utnytte produksjonsmoglegheitene i det nye kjøkkenet i Florø. Vi er opptatt av å ha ein god dialog med alle våre kundar. Her under delta ved ulike arrangement i lag med kommunen sitt prosjekt «Leve heile livet».

Levering Kinn kommune

- Matutkøying: Levering til heimebuande i Kinn
- Dagtilbod:
Levering dagtilbod i Florø sentrum.
Levering dagtilbod i Eikefjord .
- Institusjonane:
Levering til Kulatoppen omsorgssenter helg og røde dager
Levering Florø Omsorgssenter
Levering Furuhaugane Omsorgssenter
- Markegata 55
- Levering av møtemat til Kinn kommune

Eksterne leveringsavtaler 2024:

Norled AS:
tre ferjer i Sogn.
Kioskmat på enkelte ferjer

Boreal AS:
To ferjer i Møre og Romsdal.

Hovudtrekk i drifta i 2024

Bordgleder har lagt bak seg eit hektisk år. Siste produksjonsdag i våre gamle lokaler i Florø sjukehus var onsdag 4. september. Den 11. september 2024 var produksjonen i gang i Hjellegata 2. Det har blitt ei heilt ny verd for Bordgleder, frå eit kjøken som har vore utdatert i over 20 år, til Noregs mest moderne storkjøkken. Vi kan no levere meir effektivt og miljøvennleg, tryggare og gje dei tilsette det arbeidsmiljøet dei fortener. Dette skapar store moglegheiter for framtida. Kjøkkenet er levert i tråd med budsjettammer.

Planlegginga av nytt kjøkken, utflytting, oppstart mv. har krevd mykje av organisasjonen. Innflyttinga var forseinka med ca eit halvt år på grunn av uforutsette problem med golvet i eksisterande lokaler (del av kommunen sitt prosjekt). Dette førte til ei tilsvarende forseinking i flytting og oppstart. Likevel klarte vi å flytte og starte opp att produksjonen utan at dette råka våre kundar på nokon måte. Det er vi stolt av! Hausten 2024 har ein brukt til å ikkje berre modernisere maskinpark og bygg, men òg til å modernisere organisasjonen ved å utarbeide nye rutiner og betre arbeidsformer.

Eit nytt kjøkken gjev store moglegheiter, og føretaket har hatt og har høge ambisjoner om eksternt sal. Når dette ikkje vart levert på i 2024 så handlar det primært om to tilhøve:

1. Forseinkinga knytt til nytt kjøkken.
2. Også i 2024 var Bordgleder i ein «limbo-situasjon» der det har vore skapt uvisse knytt til KF Bordgleder sin eksistens. Skal ein klare å vinne kundar i marknaden så må ein vite at ein har ei langsiktigheit i leveransen som gjer at kundane vel Bordgleder framfor andre. Det er ikkje nok å ha eit godt produkt til konkurransedyktig pris. Støyen som er skapt politisk har gjort dette arbeidet nær umogleg. Av desse grunnar har ein ikkje kunne posisjonere seg i den eksterne marknaden som ein hadde kunna gjort om ein ikkje hadde hatt desse forstyrrande eksterne faktorane i kommunestyret. Når denne situasjonen har blitt meir avklart og ein har flytta inn i nye lokaler så har styret vore tydeleg til dagleg leiar på at no skal det eksterne salet prioriterast.

Utover dette leverer Bordgleder i tråd med våre oppgåver som definert internt i føretaket og i styringsdokument frå kommunen som eigar.

Økonomisk resultat:

Sjølv med aukande matvareprisar og prisvekst i samfunnet så har prisane frå Bordgleder til Kinn kommune blitt redusert med 2,4 % i 2024.

Det økonomiske resultatet går fram av rekneskapen. Bordgleder hadde eit driftsunderskot i høve budsjett på ca 2,5 millionar kroner. Av dette er ca 2 millionar kroner manglande eksternt sal. I tillegg har det vore eit meirforbruk på løn på ca kroner 1,3 millionar.

Dette meirforbuket på løn består av:

Premieavvik KLP kr 525.391.- som endrar seg kvart år, og som det for KFet er vanskeleg å planlegge for. Til informasjon var det eit overskot på kr. 130.122 i 2023 og det er estimert et overskot i 2025 på kr 316.729.

Arbeidsgjevaravgift for 2021,2022 og 2023 var innbetalt med kr.300.000.- for lite og dette er komen i tillegg til budsjettert arbeidsgiveravgift for 2024.

Det viktigaste for å betre økonomien i Bordgleder er å kome opp på riktig nivå med eksternt sal. Salsarbeid gjev ikkje umiddelbare resultat og det krev målretta strategisk arbeid over tid. Styret i føretaket er informert om at Bordgleder arbeider med fleire avtaler som vil kunne heve omsetninga og gje betre resultat i 2025.

Styret er nøgd med drifta, måloppnåinga og flytteprosessen i 2024. Det har vore fokusert på at flytteprosessen ikkje skulle få innverknad på våre kundar og ikkje påføre dei tilsette unødvendig ekstra arbeidsbelastning. Dette har ein lukkast godt med.



Bilete frå opninga av Bordgleder, 18. oktober 2024.

Arbeid med etikk, likestilling mv.

Jamfør kommunelova § 14-7 har styret ei kvinne (nestleiar) og fire menn, og er såleis ikkje kjønnsbalansert. Det er like mange menn som kvinner av dei tilsette. Tillitsvald er mann. Dagleg leiar arbeider målretta for å sikre eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø tufta på allmenne forventningar til likestilling mv. slik det m.a. går fram av aktivitetsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova § 26. Styret har ingen merknader til korleis dette arbeidet vert gjennomført.

Personale og anna drift

Bordgleder hadde i 2024 6,9 årsverk fordelt på 8 tilsette. To av våre tilsette har velferdspermisjon.

Bordgleder har eit samarbeid med Måløy vidaregåande skule om utdanning av kokkar, der vi mellom anna har elevar på utplassering. Dette samarbeidet måtte Bordgleder dessverre avslutte våren 2024 pga bortfall av storparten av leveransen til Måløy delen til Kinn kommune

Bordgleder hadde i 2024 eit sjukefråvær på 6,0%. Bordgleder har i mange år hatt eit høgt sjukefråvær i organisasjonen (tidvis godt over 30 %) noko som er ei vanleg problemstilling i bransjen. Styret konstaterer difor som svært positivt av sjukefråværet har gått betydeleg ned i 2024 kontra tidlegare år.

Bordgleder har i 2024 halde på med planlegging av nytt kjøkken og prosessar i kommunestyret og i dialog med kommunedirektør. I 2023 vart det gjort mange viktige prosessavklaringar og i desember 2023 vart det endeleg avklart kven som skal stå for bygging av kjøkkenet. Konkret prosess med bygging, innreiing og innflytting skjedde i løpet av september 2024.

Bordgleder KF registrerer avvik gjennom året, gjennom Kinn kommune sitt avvikssystem Compilo. Dagleg leiar orienterer styret fast i kvart styremøte som del av ordinær driftsrapportering om utvikling i tal avvik og oppfølging av ev. alvorlege avvik. Styret konstaterer at det ikkje ligg føre alvorlege avvik i 2024.


For å redusere matsvinnet i føretaket har Bordgleder en avtale med asylmottaket slik at deira busette har glede og nytte av mat som er til overs. Vidare er vi delaktig i «Too good to go» der kven som helst kan kjøpe middagar vi har til overs. Sjølv om det er ønskeleg med minst mogleg matsvin må vi i vår drift ha ein viss overproduksjon pga uforutsette hendingar og beredskap.

Bordgleder arbeider målretta med korleis vi skal få til ein vekst i nye marknader. Fleire eksterne kundar vil bidra til at drifta av nytt kjøkken vil bli rimelegare for Kinn kommune.

Vidare utfordringar/prioriterte arbeidsoppgåver i 2025, sett i lys av 2024

- Bordgleder jobber med å få avtale med fleire nye kundar. Fleire eksterne kundar vil bidra til at drifta av nytt kjøkken blir rimelegare for Kinn kommune, samtidig som det gjer det mogleg å ha eit høgt kvalitetsnivå på det vi serverer.
- Det no på plass ein avtale mellom Kinn kommune og Bordgleder over kva Kinn kommune vil Bordgleder skal levere. Frem til oktober 2024 eksisterte ingen slik avtale og det var uklare forventningar om kva Bordgleder skal levere. Ein slik avtale må vere grundig og godt forankra i kva Kinn kommune forventar føretaket skal levere. Mykje av utfordringa til Bordgleder kan eliminerast med ei slik avtale. Då får dei tilsette i Kinn kommune ei forventningsavklaring som vil vere med å skape ordna forhold
- Redusere tal årsverk i 2025 for å hente ut effekt av nytt kjøkken.
- Vidareutvikle rutinar for samhandling og dialog med tenestene i Kinn kommune, både kundar (t.d. institusjonane) og leverandørar (t.d. rekneskapsavdelinga).

Florø, 28.mars 2025



Jacob Nødseth



Petter Karl Refsnes



Margunn Belsvik (vara for Halsnes)



Jan Arve Midtbø (vara for Eikevik)